

Ta eit krafttak for framtida

Næringssekskapa i Flora, Førde og Bremanger vil slå eit slag for at ungdommane i Sogn og Fjordane skal få seg lærlingplass. Vi oppmodar difor alle bedriftene i fylket til å strekkje seg langt for at alle som har lagt bak seg to år på skule skal få fullføre fagutdanninga si - med to år som lærling.

Vi har ivra for at ungdommane i fylket skal velje yrkesfagleg utdanning, fordi vi treng den faglærte arbeidskrafta. Då er det viktig at vi alle tek i eit tak slik at ungdommane får fullføre utdanningsløpet dei har starta på. Næringslivet i Sogn og Fjordane treng arbeidskrafta til desse ungdommane i framtida, og vi vil oppfordre medlemmane våre til å ta eit krafttak for framtida.

Å ta inn lærlingar i bedrifta er både utfordrande og gjevande. Lærlingane skal ha oppfølging, slik at dei når dei kompetansemåla som er sette for dei. Samtidig får ein frisk kunnskap inn i bedrifta, med nyutdanna ungdommar som er oppdaterte på det siste i sitt fag. Eit anna viktig punkt er at samtidig som ein hjelper ungdommen til å fullføre utdanninga si, så er læretida fram mot fagbrev ei viktig tid for rekruttering. Dette er ein god måte for bedriftene å sikre seg ny fagkompetanse, og sjølve vere med å forme framtidens arbeidskraft. Lærlingar gir bedriftene større moglegheiter til stabil arbeidskraft over tid med lokal tilknytning. Dette bidreg til å utvikle bedriftene/institusjonane på ein heilt annan måte enn meir kortsiktige løysingar.

Vi registrerer at det framleis er mange elevar som enno ikkje har fått læreplass. Dette gjeld og elevar som skal ta fagbrev i kommunesektoren som helse-eller ungdomsarbeidarar. Kommunane bør dessutan kunne ta i mot ei mykje breiarar vifte av lærlingar i tenestene sine.

Flora Industri- og Næringsforening, Førde Industri- og Næringsssamskipnad og Bremanger Næringsråd vil oppmode alle bedrifter og kommunar i fylket til å ta ei ekstra runde med seg sjølve og vurdere moglegheita for å ta inn ein ekstra lærling. Ta eit krafttak for den framtidige fagkunnskapen og arbeidskrafta i Sogn og Fjordane!

14. august 2015

Førde Industri- og Næringsssamskipnad
Geir Opseth
Leiar

Bremanger Næringsråd
Per Røys
Leiar

Flora Industri- og Næringsforening
Bjørn Hollevik
Leiar